

- 1.0. Sesongen starta med årsmøte 14.01.94.
 - 2.0. Av aktiviteter i året kan kort nemnast:
 - 2.1. Laget sende ut referat frå årsmøtet, turprogram, kurstilbod samt diverse informasjon til alle medlemane i februar .
 - 2.2. Vidare har laget hatt 4 formelle styremøter. I tillegg har det uformelle, heilt nødvendige samarbeidet i styret (etter leiarens mening) vore hyggeleg og fint. Leiaren vart innvalt i den kommunale plannemnda for idrett og friluftsliv. Planen er no ferdig og behandla i dei kommunale organ.
 - 2.3. Keipen turlag har hatt stor anleggsaktivitet i 1994.
Nemner følgjande:
 - a. Forarbeiding og montering av skilt til turstien til Ålfotbreen.
 - b. Forarbeiding og montering av skilt til turstien Svelgen - Vingen.
 - c. Forarbeiding av skilt til turstien til Hornelen frå Berleneset. (Skiltef må monterast og stien må merkast til sommaren 95.)
 - d. Merking av tursti til Setredalen, diverse merking og skilting av turstiar i Svelgenområdet. Rydding av fleire av dei gamle anleggstiane. Spesielt stien til Hjelmefossen og stien til Knekkevannshytta frå Sørdalsfossen med stige opp hammaren ved Sørdalsfossen. Fleire av dei gamle kloppene er bygt nye.
 - e. Stien til Setredalen frå Myklebustsetra i Ålfotdalen er gjort ferdig med bru ved Setredalsvatnet. Det er også bygd bru ved Elvebakken på stien til Risesetra. Elkem Bremanger har støtta opp med mykje av materialane til arbeidet på deira eigendom.
 - f. Turlaget har også fått laga og montert "kasser" med turbøker på Keipen, Ålfotbreen, Gulebrystet og Sandsegga. Ved Ålfotbreen blei det også bygt varde for kassa.
- Leif Valberg har som vanleg vore vår store entusiast, stibyggar og pådrivar for utearbeidet. Tor Zachariassen må også nemnast og takkast for ein kjempeinnsats i dugnadsarbeidet.
- Johannes Frøyen har også gjort ein kjempejobb med laging av skilt og stadmerker til turstiane i Svelgenområdet. Mange av skilta har kome på plass i løpet av hausten.

- 2.4. Turaktivitetane har gått omlag som venta. På dagsturane har vi hatt 127 deltagarar. "Suksessturane" vart KEIPEN 01.05, og HORNELEN 03.07 med h.h.v. 51 og 57 turdeltakarar. 4 turar vart avlyste p.g.a. dårlig ver. På midtveke har det vore 89 deltagarar i Svelgenområdet. Midt på sommaren hadde vi ingen deltagarar på desse kveldsturane og midtveketurar midt på sommaren vil truleg verte sløyfa i 1995. I ytre Bremanger har det vore arrangert eit stort antal kveldsturar, men ein har ikke notert nøyaktig antal turdeltakarar. Der har turane vore populære og kjem truleg til å fortsette med samme opplegg som før
- 2.5. Forslag til turer 1995 er utarbeidt og vert framlagde til behandling på årsmøtet.
- 2.6. Søknadar om støtte til årets og neste års anleggsarbeid er utarbeidde og sendt Fylkesmannen på skjema A-95 innan fristen som var 15.11.94. Søknad om tippemidlar er også sendt.
- 2.7. Keipen Turlag har arrangert kurs i bruk av kart og kompass. Det var halde i mars 94 med teori, og praksis i terrenget seinare på sommaren. Instruktør var Rolf Yttrehus.
- 2.8. Laget har også hatt samlingar til dugnadsinnsats. Dette gjeld vasking av Knekkevannshytta etter gjensidig avtale med Elkem Bremanger. Dugnadsinnsats også til stiarbeidet, materialtransport m.m.
- 2.9. Oddmund Leirvik, Olga Aarsnes og Sissel sandvik Igland representerte Keipen turlag på årsmøtet i Sogn og Fjordane Turlag 29.01.94. Oddmund Leirvik representerte Keipen turlag på Fellesmøtet i Sogn og Fjordane turlag i Luster 05.og 06. november 94. Den største saka som vart til behandling der var RETNINGSLINJER FOR SOGN OG FJORDANE TURLAG. Desse vil truleg bli vedtekne på årsmøtet 21.01.95.
- 3.0. Leiaren takkar for ein aktiv og hyggeleg sesong 1994.

Svelgen, 29.12.94

Keipen turlag
Bremanger kommune

Oddmund Leirvik
leiar